

Referat frå møte i fagleg brukarråd språk og tale

Dato/Stad: 3. februar 2021 kl. 13-14/Videomøte

Deltakarar:

Brukarrepresentantar:

Guro Bergseth Dysleksi Norge
Ciel Waagenes Udbjerg Norsk interesseforening for stamming og løpsk tale (NIFS)

Frå Statped:

Marit Bollingmo møteleiar og leiar språk- og tale region sørøst
Terje Andreas Malin leiar språk- og tale region nord
Magne-Bjarte Hatlem referent og koordinator for leiarnettverk språk og tale


Forfall:

Elin Langdahl Handikappedes Barns Foreldreforening (HBF)
Hogne Jensen Afasiforbundet Norge
Gabriella J. Ottesen Leppe-ganespalteforeningen

Godkjenning av saksliste

Saker til behandling

Sak:	
01/2021	Introduksjon av deltakarane i brukarrådet
02/2021	Orienteringar frå brukarorganisasjonane Dysleksi Norge har vert opptatt av kva som skjer når kommunane skal få eit enno større ansvar. Statped kjem til å ha dysleksikompetanse òg framover, men vil gå inn i saker der dysleksi inngår i eit større vanskebilde. Dysleksi Norge jobbar med å spreie kompetanse på dysleksiområdet igjennom dysleksivenlege skular . Årsmøtet er utsett til hausten. Dei er vidare opptatt av korleis vi kan utvikle fagleg brukarråd språk og tale til ein arena med eit felles mål, slik dei opplever det å vere på fagområdet samansatte lærevanskar. NIFS skal ha årsmøtet sitt digitalt i vår. Det er to masterstudentar som held på å gjennomføre masteroppgåva si på løpsk tale. NIFS ser fram til å få vite meir om kva som blir Statped sitt mandat, og korleis dette påverkar brukarrådsarbeidet.



	<p><i>Brukarrådet ønsker å ta opp igjen tråden rundt kva som kan vere eit felles tema for brukarråd språk og tale framover.</i></p>
03/2021	<p>Informasjon frå Statped</p> <ul style="list-style-type: none">- Statped kjem til å få sitt nye mandat i løpet av kort tid.- Kompetanseløftet – ordninga der kommunane skal kompetansehevast på det spesialpedagogiske området (sjå statped.no)- Statped har gjort ein stor jobb med å oppdatere og vidareutvikle statped.no til ein endå betre ressurs for å finne informasjon og kunnskap om spesialpedagogiske tiltak og tema. Dette er eit arbeid som fortsett i tida framover. Vi ønsker gjerne innspel om brukarråda har det.
04/2021	<p>Erfaringar og refleksjonar frå Brukarkonferansen 2. februar</p> <p>Brukarrådet synes det var ein god konferanse med godt innhald. Det går fint ann å gjennomføre konferansar på denne måten, og vi vil ta med oss dei digitale erfaringane vi har gjort i coronatida for å sjå korleis vi kan nytte det på ein god måte vidare. Det blir sjølvsagt fint å sjå folk igjen fysisk, når det igjen er moglegheit til det.</p>
	<p>Eventuelt</p>

